
Fra: Kvarekvål Eivind <eivind.kvarekval@vegvesen.no>
Sendt: 13. oktober 2016 15:29
Til: Ingrid Raniseth
Emne: SV: 16/18808 INNKALLING TIL OPPSTARTSMØTE FOR REGULERING AV FLØKSAND-VIKEBØ
Vedlegg: Fv564 Fløksand Vikebø_foreløpelig plangrense.pdf

Hei igjen!

Bekrefta hermed at det kjem tre representantar frå Statens vegvesen på møte i Meland rådhus torsdag 27. oktober kl. 1200.

Desse er:

Prosjekteigar: Eva- Beate Rundereim Torsvik
Vegplanleggar: Øyvind Hauge Horge
Planleggingsleiar: Eivind Kvarekvål

Vedlagt ligg eit forslag til plangrense. Denne er foreløpig, og bør vera eit diskusjonspunkt i møtet.

Førebuing til oppstartsmøte:

- ***Oversikt over tiltakshavar og konsulent for planarbeidet***
 - Foreløpig intern bemanning.
- ***Kort skildring av føremål med planarbeidet***
 - Føremålet med planarbeidet er å laga ein reguleringsplan for området der det vert lagt vekt på tilrettelegging for gåande og syklende, og betre trafikksikkerheit på vegstrekningen. Vidare vert det viktig å finna ei løysing for avkøyrslar som vert tilfredsstillande for alle berørte partar.
- ***Særlege tema ein ynskjer å få avklart***
 - KU- plikt.
 - Planar i kommunen som påverkar planarbeidet.
 - Kommunens mål for planarbeidet.

Anna førebuing:

1. Presentasjon av tiltak og planområdet

- ***Bakgrunn/ historikk***
 - Prosjektet er ein del av Nordhordlandspakken som blei vedteke i fylkestinget 09.06.2015.

2. *Situasjon i dag*

○ *Kort skildring av området*

- Området er i dag spreidd bebygd med einebustadar og landbrukseigedommar. Vegen mellom Fløksand og Vikebø har varierende standard med ei breidde som varierar frå om lag 6,5 til 3 meter. Vegen har asfaltert skulder på delar av strekningen, mens det på lengre strekk manglar skulder. Vegen tilfredsstillar ikkje krava i handbok N100 i forhold til breidde og geometri. Det manglar tilbod for mjuke trafikantar på heile strekninga, bortsett frå det siste strekket fram mot Vikebø. Dette betyr at alle mjuke trafikantar må ferdast i vegen.

○ *Kva kartleggingar/ innhenta informasjon ligg føre per i dag (td. undersøkelser i grunn, arkeologiske undersøkelser, el. anna relevant kartlegging).*

- Det er tidlegare gjennomført grunnundersøkelser på delar av strekningen. For å kunna gjennomføra eit tilfredsstillande planarbeid er det no planlagt å gjennomføra eit omfattande kartleggingsarbeid av grunnen heile vegen frå Fløksand til Vikebø. Dette vert gjort med borerigg, og det vert teke opp prøvar der det er naudsynt. Det er registrert få fornminner langs vegens trase, men ein må kunne gå utifrå at det vil kunne dukke opp fleire når registreringsarbeid vert gjennomført.

○ *Klargjering av eigedomstillhøve, eigedomsgrenser, matrikkelrettar, mm.*

- Datagrunnlag er henta frå GisLine. Her er eigedomsgrenser avmerka. Matrikkelrettar og eigedomstillhøve vert diskutert om det er naudsynt.

3. *Tilhøvet til gjeldande kommuneplan, reguleringsplan, regionale og statlege føringar.*

- Kommunen sin områdeplan for Rydlandshøgda som er under utarbeiding kjem til å påverka planarbeidet for Fv.564 Fløksand – Vikebø. Det er viktig med godt samarbeid for at begge planane vert så bra som mogeleg.
- Det skal leggas til grunn vegstandard «U-HØ2 Øvrige hovedveger, ÅDT 1 500 – 4 000 og fartsgrense 60 eller 80 km/t» på strekninga. Val av vegstandard er gjort i dialog med vegeigar Hordalands fylkeskommune.

Med helsing
Eivind Kvarekvål

Seksjon: Planseksjonen

Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER

Kontoradresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN

Mobil: +47 47647678 e-post/Lync: eivind.kvarekval@vegvesen.no

www.vegvesen.no e-post: firmapost-vest@vegvesen.no

Fra: Ingrid Raniseth [<mailto:ingrid.raniseth@meland.kommune.no>]
Sendt: 30. september 2016 07:49
Til: Kvarekvål Eivind <eivind.kvarekval@vegvesen.no>
Emne: 16/18808 INNKALLING TIL OPPSTARTSMØTE FOR REGULERING AV FLØKSAND-VIKEBØ

Eivind Kvarekvål

Referanser:	Saksbehandlar:	30.09.2016
Dykkar:	Ingrid Raniseth	
Vår: 16/2424 - 16/18808	ingrid.raniseth@meland.kommune.no	

INNKALLING TIL OPPSTARTSMØTE FOR REGULERING AV FLØKSAND-VIKEBØ

Syner til e-post gjeldande førespurnad om å regulering av eigedom 5/142 og 43/105, Rv. 564

Plan- og bygningslova (pbl) § 12-8 krev at det før oppstart av reguleringsplan skal gjennomførast eit formelt oppstartsmøte: *«Når forslagsstilleren er en annen enn planmyndigheten selv, skal planspørsmålet legges fram for planmyndigheten i møte. Kommunen kan gi råd om hvordan planen bør utarbeides, og kan bistå i planarbeidet».*

Vi kallar med dette inn til oppstartsmøte:

Møtetidspunkt: Torsdag 27. oktober kl 1200
Møtestad: Meland rådhus, møterom 1

Meld attende til planavdelinga om tal på representantar som stiller frå høvesvis tiltakshavar, fagkyndige, evt. andre.

Materialet til førebuing av møtet kan sendast på e-post til sakshandsamar eller via post til Meland kommune v/ Plankontoret, Postboks 79, 5906 Frækhaug.

Ein ber om at de på førehand gjer dykk kjent med «*Startpakke for private planar etter plan- og bygningslova for kommunane i Nordhordland og Gulen*», særskild vedlegg B og C som omhandlar oppstartmøte.

Naudsynt førehandsinformasjon

For førebuing til oppstartsmøte må vi ha motteke følgjande informasjon, seinast to veker før møtetidspunkt.

1. framlegg til plangrense
2. oversikt over tiltakshavar og konsulent for planarbeidet
3. kort skildring av føremål med planarbeidet
4. særlege tema ein ynskjer å få avklart

Anna førebuing

For å få best mogleg nytte av oppstartsmøtet kan de og sende inn informasjon gjeldande;

1. Presentasjon av tiltak og planområdet (kort skildring over det ein kjenner til)
 - Bakgrunn / historikk.
 - Intensjon.
 - Idéskisser.
2. Situasjonen i dag
 - Kort skildring av området.
 - Kva kartleggingar/ innhenta informasjon ligg føre per i dag (td. Undersøkingar av grunn/ arkeologiske undersøkingar/ el. anna relevant kartlegging)
 - Klargjering av eigedomstilhøve, eigedomsgrenser, matrikkelrettar, mm.
3. Tilhøvet til gjeldande kommuneplan/ reguleringsplan/ regionale og statlige føringar

Konsekvensutgreiing

Forslagstillar bør og vurdere om det vil bli krav om konsekvensutgreiing, jf. Forskrift om konsekvensutgreiing. Planprosess og plantype vil bli drøfta på møtet.

Risiko og sårbaranalyse

For alle planforslag skal det gjennomførast risiko- og sårbaranalyse jf. pbl § 4-3.

Kommunen har vedteke akseptkriterier med metode for gjennomføring av ROS. Dokumentet kan lastast ned frå kommunen si heimeside.

Krav til kompetanse

Vi gjer merksam på at reguleringsplanar skal utarbeidast av fagkyndige jf. pbl § 12-3.

Gebyr

For handsaming av private reguleringsplaner tek kommunen gebyr. Sjå kommunen sitt gebyrregulativ på kommunen si heimeside, [Gebyr Meland](#).

Ta gjerne kontakt med sakshandsamar dersom de har spørsmål.

Med helsing

Ingrid Raniseth
Plansakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1 Startpakke Privat RegPlan 190110

Kopi til:

Mottakere:

Eivind Kvarekvål